



**Vågå**  
**kommune**  
Felles tenester

Det Kongelege Kommunal- og Regionaldepartement  
Postboks 8112 Dep.  
0032 Oslo

**Melding om vedtak**

Att. Kommunalavdelinga

**Vår ref.**  
2008/955/2/

**Dykkar ref:**

**Saksbehandlar**  
Sonja Tangen  
61293660

**Dato**  
19.09.2008

**Høyring - forslag til endringar i vallova og kommunelova**

Vedlagt følgjer særutskrift av sak 96/08 i Vågå Formannskap, den 16.09.08.

Med helsing

Sonja Tangen  
Sekretær



## Vågå kommune

Arkivsak: 2008/955 -1

Arkiv:

Saksbehandlar:

Hilde Reitan

Utv.saknr	Utval	Møtedato
96/08	Formannskapet	16.09.2008

### Høyring - forslag til endringar i vallova og kommunelova

#### Vedlegg:

Høyringsnotat om endringar i vallova og kommunelova, 27. juni 2008.

#### Saksframlegg:

Kommunal- og regionaldepartementet legg opp til ei høyring forslag til nokre endringar i vallova og kommunelova. I høyringsnotatet har også departementet ein gjennomgang av evalueringa etter lokalvalet i fjor haust.

Departementet legg i høyringsforslaget fram forslag til desse lovendringane:

- Forslag om å innføre ei ordning med "tidlegrøysting", det vil seie at veljarane frå 1. juli skal få høve til å vende seg til kommunen og be om å få røyste før den ordinære førehandsrøystinga tek til 10. august.
- Forslag om at kommunen kan fastsetje at vallokala på valdagen skal halde ope til kl.2100. Det blir føreslått at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halde ope til kl. 2100.
- Forslag om at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at kommunen skal halde todagars val.
- Forslag om innføring av lovbrotsgebyr ved brot på vallova § 9-9.
- Forslag om heimel for valobservasjon.
- Forslag om ei prinsippføresegn i kommunelova om rådgivande lokale folkerøystingar og heimel for innsamling av data om slike folkerøystingar.

Høyringsfrist er sett til 30. september.

**Vurdering:**Saka blir lagt fram til drøfting i formannskapet.

**Administrasjonssjefens forslag til vedtak:**

Formannskapet har ikkje merknader til dei føreslegne endringane i vallova.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 16.09.2008**

**Behandling:**

Jehans Storvik summerte opp evalueringa av valet i 2007.

Samrøystes.

**Vedtak:**

Formannskapet har ikkje merknader til dei føreslegne endringane i vallova.